

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2017

Ordinært årsmøte i NYK 28. mars 2017 valde nytt styre med Rimmert van der Kooij (Trondhjems), Øyvind Pedersen (Trondhjems), Joachim Lowzow (SKSK) og Ronny Rognhaugen (Vågsbygd). Varamedlem Chris Skogen (Askøy) og Thor Erik Karlsen (Horten). Årsmøtet gløymde å oppnamna revisor og valkomité, men styret har spurd Silje Fløysand om å vera revisor og Lene Seim/Kenneth Buvik om å vera valkomité. Alle tre tok utfordringa på strak arm.

Styret konstituerte seg sjølve på fyrste styremøte 17. april og har sidan hatt denne arbeidsdelinga:

Leiar, kasserar og sjefsmålar Ronny Rognhaugen
Sekretær Øyvind Pedersen
Kommunikasjonsansvarleg Rimmert van der Kooij
Jubileumsansvarleg Joachim Lowzow
Varamedlem Chris Skogen (NM 2017) og Thor Erik Karlsen (NM/EM 2018)

Styret har gjennomført sju styremøter 17. april, 15. mai, 3. juli, 21. august, 18. september, 16. oktober i 2017 og 22. januar 2018. Planlagt styremøte i desember vart avlyst pga. dårleg oppmøte. Møtet i september var ekstraordinært for å drøfta strakstiltak knytt til NM status. I tillegg vart det gjennomført eit ekstraordinært årsmøtet for å rydda opp i lovene våre.

Økonomi 2017: Rekneskapa er avstemd med Nordea og me fekk eit underskot på kr. 6.279,18. Det er innafor budsjettet som var på minus 9.300. På konto 31.12 hadde me 65.378,14 mot 71.657,32 førre år. NYK hadde 31 med fullt medlemskap (-11) og 26 støtte medlem i 2017 (+3).

Styret har utifrå mandatet frå førre årsmøte prioritert desse oppgåvene:

1. Kommunikasjon med aktive og potensielle medlem
2. Planlegging av 50-års jubileum i 2018
3. Gjere båtregisteret tilgjengeleg på yngling.no
4. Opprydding i lovverket m.a. for normalisering av tidsfristar for betaling av kontingent

Styret har etter instruks frå årsmøtet tildelt eit styremedlem rolla som kommunikasjonsansvarleg. Det har vore tema på fleire styremøte, men ein eigen kommunikasjonsstrategi er ikkje satt ut i livet. Det jobbast med oppgradering av yngling.no og målet er at dette er klart seinast 31. mars 2018. NYK er registrert hjå Norsk Klasseklubb Forum som samordnar våre interesser mot NSF. Ingen kunne delta på møte 30. januar 2018. Neste Seglting er i 2019, men 17-18. mars 2018 arrangerer NSF Klubbkonferansen.

Ein jubileumskomité med Joachim Lowzow (leiar), Lene Seim, Jan Rune Hopland vart oppnemnd, men har vore lite aktiv. Seinare har Rimmert og Thor Erik vore involvert i planlegginga. IYA tek seg av markeringa i samband med VM på Gardasjøen 8-14. juli 2018. Styret har kontakta familie Linge for å finna ut om NOR 1 burde inngå i markeringane, men har kome fram til at båten ikkje er presentabel i år. Etter at dette var avklart har vårt fokus vore NM/EM i Horten 7-9. september 2018. Thor Erik har på vegne av Horten Seilforening kome langt med planlegginga av arrangementet og NYK sponsar delar av startkontingenten

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2017

for dei norske deltakarane. Målet er minst 20 norske Ynglingar og god stemning på både land og vatn.

Båtregisteret har vore til gjennomgang i Kristiansand, Trondheim, Bergen og Horten. Alle kjende oppdateringar er på plass og registeret skal vere tilgjengeleg på yngling.no før årsmøtet 21. februar. Betre opplegg for tilbakemelding om eigarskifte og feil skal vere på plass seinast 31. mars 2018.

Seks medlem deltok på det ekstraordinære årsmøtet 15. november 2017 og av desse satt to òg i styret. Etter nokre spørsmål vart styret sitt framlegg til nye lovar samrøystes vedteke. Viktigaste endringar er at årsmøtet avgjer medlemskontingent for inneverande år med betalingsfrist 15. mars. Dette er tilpassa rapporteringsfrist IYA 20. mars. No er det nok at 3 av fire styremedlem deltek på styremøter.

NM 23-24. september vart nedgradert til Klasseesterskap sidan 12 båtar deltok. Pga. lite vind vart det berre segling laurdag, men då vart det fem løp. Fire lag reiste til VM Sneek i Nederland, to frå Bergen og to frå Trondheim. Eit lag deltok i Hein Ruyten Trofee 28-29. oktober i Nederland.

Vipps har vore diskutert nokre år og 8. februar 2018 vart vår avtale endeleg godkjend. Det gjer at det vert enklare å betala kontingent m.m. Vipps tek 1,75 % i transaksjonsgebyr, men me vonar at dette vert kompensert med fleire medlem. I styret sitt framlegg til årsmøtet sett me ned kontingenten til 300 for fullt medlem (tidlegare 450) og 100 for støttemedlem (tidlegare 150). Me vonar dette er tiltak som vil auke medlemstalet til nærmare 100 (57 i 2017, 65 i 2016). Alle formar for rabattar er fjerna slik at me no tilbyr faste, låge prisar til alle Ynglinginteresserte.

2018 sesongen ser spanande ut og me vonar det vert ei framifrå 50-års markering for vår kjære Yngling! Frist for NM 2019 er 1. juni 2018. Kven vil arrangere?

Terminliste 2018:

Rustløseren, Trondhjem 5-6. mai

Askøy Raceweekend 5-6. mai

Christianssands Raceweekend 8-10. juni (NM/NoM Melges24)

VM på Gardasjøen 8-14. juli

Klassisk havneregatta i Tønsberg 11. august

Bustein Rundt, Færder 18. august

NM/EM i Horten 7-9. september

For styret

Ronny Rognhaugen, 15. februar 2018.

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2017

Saksliste

- Godkjenne frammøte og møteinnkalling
- Val av ordstyrer, referent og to til underskriving av protokoll
- Ta stilling til Styrets beretning og regnskap for året som er gått og vurdere dets arbeid.
- Ta stilling til de fremlagte forslag fra Styret eller medlemmene. Alle forslag som forplikter NYK eller dens økonomi, skal være gjort kjent gjennom møteinnkallelsen.
- Godkjenne budsjett for kommende år.
- Fastsette medlemskontingent for kommende år.
- Ta stilling til hvilket NM-format styret skal prioritere i dialogen med potensielle arrangører
- Velge Styre og gi det de nødvendige fullmakter. Styreleder velges av årsmøtet ved separat valg.
- Velge revisor og ny valgkomite

Innkomne saker til årsmøtet:

1. Medlemskontingent

1. Eier av båt betaler fullt medlemskap (etter vedtak fra styret) dette for å få Y merket.
2. Eier betaler kr 200 for mannskap ombord uavhengig av navn.

Som for eksempel kr 300 medlem + kr 200 mannskap totalt kr 500.- til Ynglingstyret. Dette pga. at det er ikke så lett å skaffe seg fast mannskap til enhver tid.

Ove Flatnes, ASF 2.

2. Undervisnings- veiledningsmaterieil for Yngling

Om det er muligheter for styret å plukke ut en eller flere personer i ynglingmiljøet til å lage en folder for Yngling som kan brukes til undervisning og veiledning for ynglingseilere. Dette kan eventuelt legges på hjemmesiden til Yngling.no og styret i Ynglingklubben kan sponse dette arbeidet.

Håper styret kan finne på andre løsninger også som kan være med å få klubben opp og frem ellers så ser det mørkt ut for ynglingmiljøet fremover. Der styret bevilger penger til dette arbeidet..?

Ove Flatnes, ASF 2.

Årsrapport for Norsk Ynglingklubb 2017

	Rekneskap 2017		2017	2018	
	31.12.2016	31.12.2017	Budsjett	Budsjett	
Inntekter					
Fullt medlemskap (31) -11	18 475	13 650	18 000	12 000	40*300
Støttemedlem (26) +3	2 600	2 300	3 000	5 000	50*100
Båtregister	2 130	500	2 000	2 000	
Diverse	1 294	1 300 Buff	1 000	1 000	
Renteinntekt	50	37	100	0	
Sum inntekter	24 549	17 787	24 100	20 000	
Kostnader					
Profilering og rekruttering	0	0	10 000	5 000	NM/EM
IYA avgift (30)	5 668	6 599 36 stk. à 20 €	6 500	4 000	20*200
Porto	361	85	200	200	
Rekvisita	0	0	200	0	
Reisestøtte	6 000	16 331 Note 1	15 000	10 000	VM Garda
Premiering NC	0	600 2016	1 000	0	
Diverse	3 277	190	0	0	
Bankgebyr	246	262	500	300	
Sum kostnader	15 552	24 067	33 400	19 500	
Resultat	8 997	-6 280	-9 300	500	
Balanse					
Kasse	0	0			
Bank	71 657	65 378			
Sum egenkapital	71 657	65 378			
Avgiftsmerke segl	11 stk.	11 stk. à 35 €			
T-skjorter	23 stk.	23 stk. à 0 kr.			
Y-pins	58 stk.	58 stk. à 50 kr.			
Y-buff	14 stk.	4 stk. à 100 kr.			

1) 3000 (Skogen, Hopland, Buvik VM), 4000 (Koi VM+NM), påmeldingsavgift VM 758, norsk fest VM 2573.